

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 15.09.2015
Møtestad: Førde rådhus, møterom 448 Angedalen
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 030/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, telefon: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
028/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/15	Skriv og meldingar 5-2015
030/15	Rådmannen informerer om prosjektrekneskap og refusjon for Meierikvartalet
031/15	Budsjett for Førde kontrollutval 2016
032/15	Oppfølgingsliste 5-2015
033/15	Eventuelt

Med helsing

Anne Lise Bekjorden
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 028/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/407
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 029/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/211
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 5-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	22.07.2015	BY-036/15 Tertialrapport pr 30.04.2015, handsama 18.06.2015	15/1265
2	22.07.2015	Fylkesmannen sin rapport frå systemrevisjon med Førde kommune, Førde og Gaular barnevernteneste datert 29.6.2015	15/1266

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Bystyret

Møtedato

11.06.2015
18.06.2015

Saksnr

035/15
036/15

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-210

Arkivsaknr.:

15/1324

Tertialrapport pr. 30 04 2015

Driftsbudsjett:

Eining	Varsla meirutgift	Årsak/Prognose
100-Rådmann	-360.000	I revidert nasjonalbudsjett for 2015 er lønsveksten nedjustert frå 3,3 % til 3,2 %. For Førde kommune utgjør dette reduksjon i lønnskostnad tilsvarande ca 360.000 kr.
	500.000	Budsjettert vakanse i stilling på 0,5 mill kr som må sjåast opp mot mindreforbruk på einingar.
	-100.000	Vakanse i fagstilling SYS IKT 1. halvår 2015.
	350.000	Budsjettert bidrag frå FINS til finansiering av SNU er avvikla. Kommunen betalar dette bidraget.
140- Fagutvikling og koordinering	1.800.000	Klientsak blir truleg på same nivå som i 2014. Brutto-overskriding på kr 1,8 mill. 80% blir dekket av staten i høve ordning med ressurskrevjande tenester – sjå ansvar 900.
	1.500.000	Oppjustering av festekontrakter og etterbetaling utgjør ein meirkostnad på 1,5 mill kr i 2015. Av dette utgjør etterbetaling festeavgift frå tidlegare år 900.000,-.
210-219 Skulane 270-279 Barnehagar		Barnevernet har plassert born med store hjelpebehov i andre kommunar, og der vi må dekke kostnadane knytt til ekstraressursar i skule og barnehage. Vi brukar ca 1.1 mill til dette som det ikkje har vorte kompensert for. Desse utgiftene fører til at vi får mindre til å tildele til barnehagane og skulane i Førde. Presset er stort. Risiko knytt til auke.

310-Helse og barn	1.300.000	Høgare kostnad enn budsjettert for utgifter til barnevernstiltak.
314-Kronborg ressurshage	600.000 -300.000	Arbeidsleiar rådhuskantina vart tenkt finansiert gjennom sal av møtemat. Dette har vi ikkje lukkast med i 2014. Det er gjort fleire tiltak i 2015 for å finansiere stillinga. Effekt av desse er anslått til 300.000,-
315-Bu- og miljøtenesta	4.500.000	Det er stort press på avlastningstenester. Det er ikkje mogleg å ta inn nye tiltak utan ytterlegare overforbruk. Omsorgsløn går mot eit overforbruk på om lag 400 000,-
340-Psykiatritenesta		Førde kommune har motteke skriv frå helse- og omsorgsdepartementet om at det ikkje er tilstrekkeleg heimel for refusjon mellom kommunar for utgifter til helse- og omsorgstenester etter utskriving frå institusjon. Vi har motteke oppseiing av refusjon frå to kommunar. Det er ikkje teke stilling til oppseiingane eller konsekvens av skrivet.
355-NAV		Resultatet på eininga vil som tidlegare år vere svært avhengig av forbruk på økonomisk sosialhjelp. Utbetalingane i 2013 og 2014 var høgare enn forventa, og høgare enn tidlegare år. Så langt i 2015 har det blitt brukt litt mindre enn i 2014, så utviklinga vidare vil avgjere om budsjettmålet er realistisk eller ikkje.
375-Helsetunet, langtidseining	1.000.000	Det er stort arbeidspress i eininga. Vi har i eininga veldig mange sjuke, eldre brukarar og dette viser igjen på forbruket vårt. Belegg?
500-Kultur	400.000	Reelt underskot på 427.000,- januar – april 2015. Vi gjer det vi kan for å rette opp rekneskapen resten av året.
620-FDV	1.200.000	Rekneskapstal viser at FDV vil kunne få meirforbruk på 2,3 mill kr i høve til vedteke årsbudsjett. Dette gjeld i hovudsak følgjande postar: - Straum 0,5 mill kr; kombinasjon av auka prisar og auka forbruk - Manglande husleigeinntekter 0,7 mill kr på grunn av ledige lokale 1. etasje Førde rådhus

670-Teknisk drift	1.700.000	Vintervegvedlikehaldet viser overforbruk på 570.000 kr. Det er registrert avvik for kor lønsutgiftene til enkelte stillingsheimlar er budsjettert. Dette er stillingsheimlar som i lengre tid har lege i grensesnittet mellom ansvar 670 Teknisk drift og ansvar 671 VAR. To stillingar vart flytta i samband med rekneskapsavslutninga 2014, og ein tredje stilling vert flytta i 2015. Økonomisk konsekvens; - <u>kr 1 100 000</u> på heilårsverknad.
-------------------	-----------	---

900-Finansielle formål		Førde kommune sin folketalsvekst i 2014 var på 0,9 %. I budsjettet for 2015 var det lagt til grunn folketalsvekst i Førde kommune på nivå med landet som var 1,1 % i 2014.
	1.800.000	For Førde kommune utgjør oppdatert folketal ein nedjustering av forventa skatteinntektsanslag og inntektsutjamning på totalt 1,8 mill kr frå budsjettet 630,9 mill kr til 629,1 mill kr.
	1.200.000	I tillegg kjem nedjustering av skatteanslaget berekna til 3,3 mill kr der vi i revidert nasjonalbudsjett vert kompensert for skattesvikt med 2,053 mill kr. Oppdatert anslag på sum frie inntekter er derfor nedjustert med ytterlegare 1,2 mill kr.
	-261.000	Til slutt er rammetilskotet oppjustert med 261.000 kr for å finansiere barnehagetiltak omtalt i revidert nasjonalbudsjett for 2015.
	-1.034.000	Etterkalkulering av tilskot til ressurskrevjande tenester 2014 viser meirinntekter på 1,032 mill kr. Dette vert inntektsført i 2015.
	-1.295.000	Oppdatert vurdering for 2015 viser om lag tilsvarende nivå som i 2014 dvs 1,295 mill kr meir enn budsjettet.
	600.000	Brukarbetaling for kommunale pleie og omsorgstenester er budsjettet med 9,9 mill kr. Erfaringstal frå 2014 tilseier forventa brukarbetaling på 9,3 mill kr dvs. 0,6 mill kr i mindre inntekter i 2015.
	-900.000	Berekna anslag på eigedomsskatteinntekter for 2015 utgjør 0,9 mill kr meir enn budsjettet på grunn av anlegg.
	1.000.000	Redusert utbytte frå Sunnfjord Energi. Totalt utbytte 8,8 mill kr. Eigarandel 22,19 %. Dvs utbytte på $8,8 \cdot 0,2219 = 1,9527$ mill kr. Budsjettet 2,925. Budsjettutfordring 1 mill kr
	-1.500.000	Lågare flytande lånerente enn budsjettet. Budsjettet 2,6 % flytande rente. Reell flytande rente ved inngangen til 2015 utgjør ca 2,2 %.
	840.000	Anslag netto mindre rentekostnad til 1,5 mill kr
	4.800.000	Auka rente- og avdragskostnad som følgje av revidert investeringsbudsjett 2015 der låneopptaket auka med 28,3 mill kr.
	-5.500.000	Berekna minste avdrag er auka frå 38,5 til 43,3 mill kr. Utrekningane forut for budsjettarbeidet var dessverre bygd på eit mangelfullt grunnlag.
		Aktuarberekningar for pensjonskostnad er inkludert 2 % arbeidstakarandel. Denne skal trekkast frå faktisk rekneskapsført kostnad. Dette er gjort i rekneskapen men ikkje ved anslag på budsjett.
Meirforbruk	13.840.000	

Oppsummering

Meirforbruk i einingane	Varsla meirutgift	Årsak/ prognose
100 Rådmann	390.000	
140 Fagutvikling	2.005.000	Festekontrakt og nettokostnad klientsak
310 Helse og barn	1.300.000	
314 Kronborg ressurslag	300.000	
315 Bu- og miljøtenesta	4.500.000	
375-Helsetunet, langtidseininga	1.000.000	
500-Kultur	400.000	
620-FDV	1.200.000	
670-Teknisk drift	1.700.000	
SUM – drifta i einingane	12.795.000	
900 Finansielle føremål	1.045.000	Redusert skatteinntekter/rammetilskot, reduert utbytte, lågare flytande rente.
SUM – totalt	13.840.000	

Tabellen viser eit totalt meirforbruk på 13,84 mill kr i driftsbudsjettet til Førde kommune i 2015. Av dette utgjør meirforbruk innan helse og omsorg 7,1 mill kr. Ut over forslag til budsjettendring i drifta på neste side, må det setjast i verk tiltak for å redusere meirforbruket. Einingane er informert om budsjettsituasjonen og bedt om å følgje opp med tiltak for å redusere meirforbruk.

Det er viktig å understreke at om rekneskapsresultatet vert eit meirforbruk på 13,84 mill kr så vil strykingsbestemmelsane inntre og vi må stryke avsetning til fond. Det er i 2015 budsjettert med 18,1 mill kr i avsetning til disposisjonsfond som er nytta fullt ut til finansiering av investeringar i 2015. Strykingsbestemmelsane vil medføre at driftsrekneskapen vert avlagt i balanse men avsetjing til disposisjonsfond vert redusert frå 18,1 mill kr til 4,3 mill kr. investeringsrekneskapen vil dette medføre manglande finansiering på 13,84 mill kr ved årsslutning for 2015.

Budsjettendring drift

Rådmannen tilrår følgjande budsjettendringar i driftsbudsjettet for 2015:

1. Auke flyktningetilskot 2,2 mill kr. Tilsvarende kostnadsauke NAV 0,9 mill kr, legetimar 0,1 mill kr, norsksenteret 0,7 mill kr og skule 0,5 mill kr.
2. Auke tilskot ressurskrevjande brukarar 1,295 mill kr. Tilsvarende kostnadsauke klientsak fagutvikling og koordinering.
3. Etterkalkulering av tilskot til ressurskrevjande brukarar utgjør 1,034 mill kr i meirinntekter i 2015. Mellombels finansiering noko av meirforbruk i bu- og miljøtenesta.
4. Auke avdragskostnad 4,8 mill kr. Tilsvarende reduksjon i budsjettert pensjonskostnad.

Tiltak	Konto	Konto (T)	Ansvar		Teneste	Beløp
1	18100	Andre statlige overføringer	900	Finans	85000	-2 200 000
1	14700	Overføringer til andre	355	NAV	28110	900 000
1	10100	Fast løn	320	Legesenter	23220	100 000
1	10102	Fast løn lærarar	230	Norsksenter	21320	700 000
1	10102	Fast løn lærarar	100	Rådmann	20220	500 000
2	17001	Toppfinansieringstilskot	900	Finans	25400	-1 295 000
2	10100	Fast løn	140	Fagutvikling	25400	1 295 000
3	17001	Toppfinansieringstilskot	900	Finans	25400	-1 034 000
3	10100	Fastløn	315	Bu og miljø	25490	1 034 000
4	15109	Avdrag	900	Finans	87000	4 800 000
4	10903	Pensjonsinnskot Klp	900	Finans	17000	-4 800 000
		SUM				-

Budsjettendringane endrar ikkje meirforbruket på 13,84 mill kr. Den einaste effekten er at meirforbruket på ansvar 315 Bu og miljøtenesta vert redusert frå 4,5 mill kr til 3,5 mill kr samtidig som meirforbruket på ansvar 900 Finansielle føremål vert auka med 1,034 mill til 2,070 mill kr.

Investering

Varsla meirforbruk i driftsrekneskapen medfører at vi manglar finansiering på 13,484 mill kr i investeringsrekneskapen. Dersom vi skal halde på prinsippet om å ikkje auke låneramma må vi nedjustere investeringsbudsjettet for 2015 med 13,84 mill kr. Rådmannen tilrår å avvente budsjettendring i investeringsbudsjettet som følgje av meirforbruk i driftsrekneskapen til årsrekneskapen for 2015 er avslutta.

Det vert elles vist til prosjektstyringsrapport som vert oppdatert kvart kvartal.

Rådmannen tilrår følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Ansvar	Prosjekt	Omtale
Rådmann	Moskog industriområde	Det vert lagt fram eiga sak til Bystyret i 2015 om korleis ei utbygging på Moskog kan finansierast og gjennomførast. Påløpte kostnader utgjer 0,5 mill kr. Det er motteke tilsagn om 7 mill kr i INU-midlar.
Rådmann	Hafstad bydel – utviding av veg 1	Kostnad må avklarast jamfør utbyggingsavtale med Magne Hafstad. Finansiert med anleggsbidrag Hafstad bydel. Kjem tilbake til budsjettendring i 2. tertialrapport.
Rådmann	Hafstad bydel – ny tilkomst til Rema 1000	Kostnad omfattar makeskifte, erstatning og juridisk bistand. Finansiert med anleggsbidrag Hafstad bydel. Kjem tilbake til budsjettendring i 2. tertialrapport.
FDV	Solsida barnehage (Haugum	Det vert lagt fram eiga sak til Bystyret i 2015 om prosjektrekneskap. Meirkostnad på 2,7 mill kr.
FDV	Halbrend barnehage	Budsjettramme på 4,7 mill kr. Prosjektet har ikkje gått ut til anbod. Rehabilitering, tilbygg og oppgradering av bygningsmasse er stipulert til å koste utover budsjettramme. Ut frå dette vil vi måtte ha ei tilleggsløyving for å gjennomføre prosjektet. Prosjektet må kvalitetssikrast. Kjem tilbake til budsjettendring i 2. tertialrapport.
FDV	Slåtebakkane barnehage	Budsjettramme på 2,9 mill kr. Prosjektet er kalkulert til kr 4 017 500,- inkl. kr 500.000,- til inventar. Prosjektet treng tilleggsløyving på 1,2 mill kr for å kunne starte opp. Finansiering: mva-komp kr 240.000,- og låneopptak kr 960.000,-.
FDV	Holsen skule	Budsjettramme på 6,22 mill kr. Prosjektet er kalkulert til å koste 11,2 mill kr inkl. mva. Anbod er ikkje gjennomført. Prosjekt treng tilleggsløyving på 5,0 mill kr for å kunne starte opp. Finansiering: mva-komp 1,0 mill kr og låneopptak 4,0 mill kr.

Teknisk drift	Nedgravd avfallsløysing Festplassen	Pilotprosjekt. Førde kommune er utfordra på å finansiere deler av betongarbeidet slik at løysinga vert dimensjonert for 3 containarar. Kostnad kr 400.000,-. Rådmannen tilrår å finansiere tiltaket med INU-midlar. Det er i 2015 søkt og innvilga totalt 3 mill kr i INU-midlar fordelt med 2 mill kr på Meierikvartalet og 1 mill kr på Festplassen.
---------------	-------------------------------------	--

Rådmannen tilrår følgjande budsjettendringar i investeringsbudsjettet for 2015:

Konto	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp
02302	620	22120	1205	Slåttebakkane bh	960 000
04290	620	22120	1205	Slåttebakkane bh	240 000
07290	620	22120	1205	Slåttebakkane bh	-240 000
09109	620	87000	1205	Slåttebakkane bh	-960 000
02302	620	22220	1316	Holsen Skule	4 000 000
04290	620	22220	1316	Holsen Skule	1 000 000
07290	620	22220	1316	Holsen Skule	-1 000 000
09109	620	87000	1316	Holsen Skule	-4 000 000
02302	671	35500	1371	Festplassen - nedgravd avfallsløysing	400 000
08300	671	35500	1371	Festplassen - nedgravd avfallsløysing	-400 000
					-

Budsjettendringane medfører 6,6 mill kr i auka investeringsbudsjett. Kostnadsauken er finansiert med 1,24 mill kr i mva-kompensasjon 0,4 mill kr i INU-midlar og 4,96 mill kr i auka låneopptak i 2015.

Ved revidering av investeringsbudsjettet for 2015 i Bystyret 26. mars 2015 vart lånegjelda auka med 28,3 mill kr for å finansiere tiltak i revidert investeringsbudsjett. Med endringane i tertialrapport pr. 30.04.2015 aukar lånegjelda med totalt 33,3 mill kr i 2015.

Omdisponering av budsjettmidlar innanfor Teknisk drift (VAR)

Ansvar	Prosjekt	Omtale
Ansvar 671 Teknisk drift (VAR)	Avløpsreinseanlegg	Den mekanisk slitasje viser seg å være større enn føresett, og for å sikre forsvarleg drift er det i 2015 allereie føreteke investeringar ved anlegget, utan budsjettdekning. Dispergeringspumper (motoren i slamutskillinga) er utslitne. Kostnad kr 150.000,-. Kjededrift av ristene; skifte ut kjeder av stål og erstatte med rustfritt stål. Kostnad kr 250.000,-.
Ansvar 671 Teknisk drift (VAR)	Avløpsnett	Slitasje på pumpehus, pumpehjul samt styringsoppsett. Kostnad kr 200.000,-. Lekasjesøking avløpsnett er driftskostnad. Prosjekt vert avslutta og budsjettmidlar vert omprioritert. Disponible midlar kr 150.000,- Omfang av arbeid bekkeinntak Lysthaugen vart mindre enn føresett. Erstatning utgiftsført i driftsrekneskapen Budsjettert 1 mill kr. Tilrår nedjustering av budsjett med kr 800.000,- til 200.000,-.
Teknisk drift (VAR)	Vatn	Reparasjon/ oppgradering av elektrisk anlegg i høgdebassenga og ein målekum for vatn etter lynskade på vassverk i Vieåsen. Kostnad kr 200.000,- Nytt borehol for vassforsyning til Angedalen skule. På grunn av for mykje kalk i vatnet frå boreholet, må det monterast filter for å gjere vatnet mjukare. Kostnad kr 150.000,-

Rådmannen tilrår følgjande budsjettendringar i investeringsbudsjettet for VAR 2015:

Konto	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp
02500	671	35000	1234	Silanlegg, ekstra arb	150 000
03700	671	35000	1234	Silanlegg, ekstra arb	250 000
09109	671	87000	1234	Silanlegg, ekstra arb	-400 000
02302	671	35300	1351	Kloakkpumpestasj KP 250 rehab	200 000
09109	671	87000	1351	Kloakkpumpestasj KP 250 rehab	-200 000
02302	671	35300	1266	Lekkasjesøking avløpsanlegg	-150 000
09109	671	87000	1266	Lekkasjesøking avløpsanlegg	150 000
02302	671	35300	1310	Bekkeinntakt Lysthaugen	-800 000
09109	671	87000	1310	Bekkeinntakt Lysthaugen	800 000
02500	671	34500	nytt inv. prosjekt	Lynskade vassverk Vieåsen	200 000
09109	671	87000	nytt inv. prosjekt	Lynskade vassverk Vieåsen	-200 000
02500	671	34500	1320	Angedalen Skule - nytt borehol	150 000
09109	671	87000	1320	Angedalen Skule - nytt borehol	-150 000
					-

Budsjettendringane gjeld omdisponering innanfor gjeldande budsjetttrammer og medfører derfor ikkje auka lånegjeld.

Status innsparingstiltak

Status innsparing er ikkje endra sidan budsjettet for 2015 vart vedteke..

Tiltak - framlegg til innsparing- kva	Innsparing	B 2014	B 2015	B 2016	Totalt
Sum arbeidsgruppe 1 - Barnehage	2 500 000	-1 860 055	-639 945	0	-2 500 000
Innsparing midtskyss og badeskyss	500 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Sum arbeidsgruppe 2 - Skule	3 500 000	-3 000 000	0	0	-3 000 000
Førde Helsetun - avslutta 1 til 1 tiltak	1 460 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Tildeling - oppretting av tildelingskontor; reduksjon i nivå på tenesteutø.	2 450 000		-2 450 000		-2 450 000
Tildeing - avlastningstenester til barn og unge ytt av kommunen	800 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Sum arbeidsgruppe 3 - Pleie og omsorg	9 127 000	-3 956 000	-2 909 000	0	-6 847 000
Sum arbeidsgruppe 4 - Helse	1 289 643	-616 443	-673 200	0	-1 289 643
FDV	3 090 000	-250 000	-1 420 000	-1 420 000	-3 090 000
Teknisk drift; asfaltering og styring av veg og gatelys	360 000	-280 000	-80 000		-360 000
Alle; videokonferansar, telefonløyising og redusere tal skrivarar	400 000	-125 000	-275 000		-400 000
Sum arbeidsgruppe 5 - Administrasjon, FDV, teknisk	6 033 000	-3 304 143	-1 775 000	-1 420 000	-6 499 143
Sum arbeidsgruppe 6 - SFO	200 000	-200 000	0	0	-200 000
Rehabilitering av ventilasjon i Førdehuset	130 000	-65 000	-65 000		-130 000
Felles lokalisering av resepsjon og bibliotek	180 000	-90 000	-90 000		-180 000
Oppgradering av utleigerom	120 000	-90 000	-30 000		-120 000
Sum arbeidsgruppe 7 - Kultur	1 000 000	-815 000	-185 000	0	-1 000 000
Sum arbeidsgruppe 8 - Kronborg ressurslage/ Norsksenteret	100 000	-42 000	-58 000	0	-100 000
Sum arbeidsgruppe 9 Sektorovergripande tiltak	2 417 000	-2 317 000	0	0	-2 317 000
SUM TOTALT - BRUTTO	26 166 643	-16 110 641	-6 240 145	-1 420 000	-23 752 786
Auke rente og avdragskostnad knytt til investeringstiltak	1 518 667	1 549 773			1 549 773
Finansiering rådhusprosjektet	2 000 000	2 000 000			2 000 000
SUM TOTALT - INNSPARINGSKRAV 22 MILL KR	22 822 976	-12 560 868	-6 240 145	-1 420 000	-20 203 013

Tabellen over viser status på innsparingstiltak innanfor kvart område. Total netto innsparingskrav utgjør 22,8 mill kr.

3 tiltak er gjennomført utan innsparingseffekt men tiltak har redusert meirforbruk. Totalt utgjør desse tiltaka 2,76 mill kr.

I budsjettet for 2014 vart det innarbeida innsparingstiltak på totalt 12,6 mill kr.

I budsjettet for 2015 er det innarbeidd ytterlegare 6,2 mill kr i innsparingstiltak der dei største tiltak gjeld tildelingskontor og FDV (sentral driftsstyring).

På grunn av forsinka framdrift med sentral driftsstyring er resterande innsparing på 1,4 mill kr flytta til budsjettet for 2016.

Det totale nivået på innsparing er i 2014 nedjustert med 1,46 mill kr ettersom avslutta 1 til 1 tiltak på Helsetunet ikkje har innsparingseffekt med reduserer meirforbruket.

Når alle innsparingstiltak er gjennomført, utgjør netto avsetjing til fond 20,2 mill kr.

Finansplasseringar pr. april 2015:

Det er budsjettert med ei avkastning på 8,990 mill kr i 2015.

Pr. 30. april er det ei positiv avkastning på 5,5 mill kr (3,2 %).

95,3 mill kr (56 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 0,1 % medan 74,4 mill kr (44 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 8,3 % pr. april 2015.

Det er uroleg i aksjemarkedet noko som kan medføre fall i verdi på midlar plassert i aksjar. Det er derfor stor usikkerheit kring kva avkastninga vert ved årsslutt.

Statusrapport finansinvestering	Eining	Tid	Forvaltarar				Sum forvaltar	2014	2013
30.04.2015			DnB	Carnegie	ondsforval		30.04.2015		
Avkastning	Sum aktivaklassar:								
	Verdiauke totalt	mkr	hittil i året	2,4	2,0	1,1	5,5	12,4	16,3
	Verdiauke totalt	%	hittil i året	3,7	2,6	4,0	3,2	7,6	10,7
	Pr aktivaklasse:								
	Rentepapir	%	hittil i året	0,1	-0,2	0,4	0,1	5,3	4,3
	Aksjer	%	hittil i året	10,1	5,8	8,9	8,3	10,9	24,9
Inv.volum og	Sum aktivaklassar:								
	Verdi totalt	mkr	perioodeslut	67,8	77,2	24,7	169,7	164,2	151,8
	Rapportert standard	%	perioodeslut	6,1	3,6	4,2	4,6	4,5	5,0
				frå start	24 m	36 m			
	Pr aktivaklasse:								
	Renter	%	perioodeslut	63,2	51,0	53,3	55,8	54,2	58,0
	Aksjer	%	perioodeslut	36,8	49,1	46,7	44,2	45,8	42,0
	Renter	mkr	perioodeslut	42,8	39,3	13,2	95,3	91,6	91,7
	Aksjer	mkr	perioodeslut	25,0	37,9	11,5	74,4	72,6	60,1

Gjeldsforvaltning

	Renteprodukt	Gjeld	Andel	Rente
Lån til vidare utlån	Flytande rente	-116 558 845	9 %	2,28 %
Innlån	Flytande rente	-930 635 804	70 %	2,00 %
Innlån	Fast rente	-278 280 210	21 %	3,24 %
SUM		-1 325 474 859	100 %	2,28 %

Tabellen ovanfor viser gjeldsforvaltning pr. april 2015.

Totalt gjeld utgjør 1,325 mrd kr fordelt med 79 % til flytande rente på 2,28 % for lån til vidare utlån og 2,0 % i flytande rente for innlån. Fast rente utgjør 21 % av gjelda til ei gjennomsnittleg rente på 3,24 %. Bindingstida på fastrentelåna er frå 1 til 4 år.

Det er ikkje teke opp nye lån i 2015 med unntak av lån til vidare utlån på 18 mill kr.

Ordinært låneopptak er ikkje gjennomført fordi det er innskjerpa krav om å følgje regelverk om offentlege anskaffingar. Vi har no på plass rammeavtaler for låneforvaltninga. Låneopptak for 2015 på 71,561 mill kr + tilråding i denne saka vert derfor gjort i juni 2015.

Sjukefråvær

Eining	Januar	Februar	Mars	1. kvartal	April
FØRDE KOMMUNE / SAMLA	7,01	7,27	7,48	7,25	6,26
<i>Sjukefråveret samla i same periode i 2014</i>	9,83	9,66	10,07	9,85	8,75
Tal einingar med sjukefråver over 10 %	8	8	10	8	5
<i>Tal einingar same periode i 2014</i>	17	17	18	16	16

Sjukefråveret for april 2015 er på totalt 6,26 %.

Dette er svært gledeleg og viser at trenden med redusert sjukefråver i 2015 held fram sjølv om desse månadene var «*influensamånader*».

Samanliknar vi med tilsvarende tal i 2014, var sjukefråveret då 2,5 % høgare.

Det er og svært hyggeleg at fleire einingar som tidlegare har slitt med høgt fråver over 10 %, no er under dette måltallet, og vi ser at berre 5 einingar har fråver over 10 %. Vi skal langt tilbake i tid for å finne ein månad med tilsvarende tall.

Sjukefråveret fordeler seg slikt i april månad:

- langtidsfråver: 4,17 %
- korttidsfråver: 2,09 %
- eigenmeldt sjukefråver; 1,01. %

Det er vanskeleg å peike på konkrete årsaker til at sjukefråveret går ned. Det er nok ein kombinasjon av fleire årsaker. Dei viktigaste er truleg:

- Tilsette som har vore langtidssjuk har nådd maksdato for sjukepengar og har dermed gått over på arbeidsavklaringspengar. Desse vert såleis ikkje omfatta av sjukefråversoversikten.

- Tilsette som har vore fråverande grunna særskilt sjukdom, er no friske og attende.
- Auka fokus på sjukefråveret over tid i einingane, og oppfølging av tiltak i samsvar med rutinane og HMS/IA- handlingsplan.

Eit av tiltaka i HMS/IA- handlingsplan for 2015 er **Sterkare tilbake**. Dette skjer i samarbeid med bedriftshelsetenesta.

Det er eit eige tiltak kor sjukmeldte tilsette får kartlagt kva faktorar som påverkar vedkomande sin helsesituasjon slik som fysisk aktivitet, arbeidsteknikk, meistring, merksemd, kost m.v. Opplegget går over 12 veker. Iom at tiltaket er kostbart vil vi nytte 1. halvdel av 2015 for å avklare finansiering samt vurdere aktuelle kandidatar. Når dette er avklara, vil ein vurdere å starte opp hausten 2015.

Status no er at vi har sett på alle arbeidstakarar som har hatt eit gjennomgåande høgt fråver (over 100 dagar) over fleire år i perioden 2012 – 2014. I første runde fann vi om lag 130 tilsette innafor denne kategorien. Etter nærare gjennomgang med einingsleiaren stod vi igjen med 43 tilsette. Av desse er 19 aktuelle. Det vert no gjennomført ei kartlegging av desse for å finne ut om dei er interessert i å delta då erfaring frå tilsvarande tiltak tilseier at deltakaren må vere motiverte for at det skal gje noko effekt.

Føresetnaden for å starte opp tiltaket er at vi har 15 aktuelle og motiverte tilsette, og det må vi ha avklara for sommaren.

Kostnadane knytt til tiltaket er om lag brutto kr 825.000. Her er det mogleg å søkje tilskotsordningar gjennom NAV, slik at netto kostnadar kan bli om lag kr 525.000.

Prosjektet som vi gjennomføre i 2014 kor vi la til rette med organisert fysisk aktivitet i arbeidstida, viste seg å ha god effekt på fem av åtte deltakarar. Alle gav imidlertid tilbakemelding om positiv erfaring med tiltaket. Når vi likevel ikkje går vidare med dette, skuldast det at erfaring tilseier at det vert for snevert å fokusere berre på fysisk aktivitet. Det er mange andre faktorar som også påverkar helse til den enkelte. *Sterkare tilbake* har såleis ei mykje breiare tilnærming til helseproblema.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 30.04.2015 vert teken til vitande.

Framlegg til budsjettendringar i drifts- og investeringsbudsjettet for 2015 vert vedteke slik det går fram av saksdokument datert 3. juni 2015.

Det vert godkjent auke av låneopptak med 4,96 mill kr i tillegg til BY-sak 008/15.

Handsaming i Formannskapet 11.06.2015:

Samrøystes tilråding

FORM-035/15 Vedtak:

Tertialrapport pr. 30.04.2015 vert teken til vitande.

Framlegg til budsjettendringar i drifts- og investeringsbudsjettet for 2015 vert vedteke slik det går fram av saksdokument datert 3. juni 2015.

Det vert godkjent auke av låneopptak med 4,96 mill kr i tillegg til BY-sak 008/15.

Handsaming i Bystyret 18.06.2015:

Kristeleg Folkeparti gjorde framlegg om følgjande tilleggspunkt:

«Bystyre ber rådmannen vidareføre «Aktiv på dagtid» eller eit likeverdig tilbod for personar som deltek i dagens tilbod og er busett i Førde kommune.»

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg saman med tilleggsframlegg frå KrF vart samrøystes vedteke

BY-036/15 Vedtak:

Tertialrapport pr. 30.04.2015 vert teken til vitande.

Framlegg til budsjettendringar i drifts- og investeringsbudsjettet for 2015 vert vedteke slik det går fram av saksdokument datert 3. juni 2015.

Det vert godkjent auke av låneopptak med 4,96 mill kr i tillegg til BY-sak 008/15.

Bystyre ber rådmannen vidareføre «Aktiv på dagtid» eller eit likeverdig tilbod for personar som deltek i dagens tilbod og er busett i Førde kommune

Førde, den 03.06.2015

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Line Pedersen Døsen
Telefon: 57643180
E-post: fmsflpd@fylkesmannen.no

Vår dato
29.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/894 - 621
Dykkar referanse

Førde kommune
Postboks 338
6802 Førde

Oversending av endeleg rapport frå systemrevisjon med Førde Kommune, Førde og Gaular barnevernsteneste

Fylkesmannen viser til tilsyn med barnevernstenesta i Førde kommune, Førde og Gaular barnevernsteneste 19.-21. mai 2015, og førebels rapport datert 12.06.2015. Vi viser også til kommunens merknader til førebels rapport datert 18.06.2015.

Vedlagt følgjer endeleg rapport frå systemrevisjonen. Rapporten er offentlig. Kopi av rapporten vert sendt til Statens helsetilsyn. Den vert også lagt ut på Helsetilsynet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine nettsider.

Etter avtale på sluttmøtet ber vi om at kommunen **innan midten av juli 2015** utarbeider ein plan som viser kva tiltak de vil setje i verk for å rette opp avvika som blei avdekte under tilsynet. Tidspunkt for når tiltaka skal vera gjennomførte må også gå fram. Kommunen må vidare evaluere om tiltaka har hatt ønska effekt og vurdere om det er trong for korrigeringar. Vi vil avslutta tilsynet når kommunen har dokumentert at de har sett i verk nødvendige tiltak, og sikra dykk at dei fungerer.

Fylkesmannen takkar for godt samarbeid i samband med tilsynet, og vi ønskjer lukke til med det vidare kvalitetsarbeidet.

Endeleg rapport er elektronisk godkjent og derfor utan signatur.

Med helsing

Per Stensland
avdelingsdirektør

Line Pedersen Døsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Kopi med vedlegg til
Statens helsetilsyn Postboks 8128 Dep 0032 Oslo



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar

i

Førde kommune

Førde og Gaular barnevernsteneste

Adressa til verksemda: Postboks 338, 6802 Førde
Tidsrom for tilsynet: 04.03.2015 – 29.06.2015
Kontaktperson i verksemda: Ove Mjåtveit

Samandrag

Rapporten gjer greie for avvik som vart avdekte innanfor dei reviderte områda. Systemrevisjonen gjaldt kommunens arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldaren.

Tilsynet såg på følgjande undertema:

- at meldingar til barnevernstenesta vert forsvarleg vurdert
- at plikta til å gje tilbakemelding til meldaren vert ivareteken på ulike trinn i sakshandsaminga

Fylkesmannen avdekte to avvik under systemrevisjonen i Førde kommune.

Avvik 1:

Kommunen sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar

Avvik 2:

Kommunen sikrar ikkje at offentleg meldar får tilbakemelding etter avslutta undersøking

Dato: 29.06.2015

Line Pedersen Døsen
revisjonsleiar

Turid Måseide
revisor

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	7
7. Regelverk	7
8. Dokumentunderlag.....	8
9. Deltakarar ved tilsynet	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Førde kommune, Førde og Gaular barnevernsteneste i perioden 04.03.2015 – 29.06.2015. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i 2015, og er ein del av eit landsomfattande tilsyn, gjennomført etter oppdrag frå Statens Helsetilsyn.

Fylkesmannen fører tilsyn med den kommunale barnevernstenesta med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd, og § 2-3 b.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen gjennom sin internkontroll tek i vare/sikrar at barnevernstenesta etterlever krava i lovgjevinga. Under revisjonen vart følgjande undersøkt:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei temaa tilsynet omfattar
- om tiltaka vert følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerer
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgjevinga vert følgd

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgransking, intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Førde og Gaular barnevernsteneste vart 1. september 2014 ei interkommunal teneste, med Førde kommune som vertskommune. Til saman har desse to kommunane om lag 15 700 innbyggjarar. Førde og Gaular barnevernsteneste er ei av dei største barnevernstenestene i Sogn og Fjordane. Barnevernstenesta ligg under eininga helse og barn, saman med helsestasjonen.

Barnevernstenesta har tenesteleiar/barnevernsleiar, fagleiar, 10 sakshandsamarstillingar, 3,83 tiltaksstillingar og merkantilt personell i 90% stilling.

Førde og Gaular barnevernsteneste har for 2014 rapportert at dei har motteke 162 meldingar.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 04.03.2015. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, motteke her 08.04.2015, går fram i kapittel 7, dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 19.05.2015

Intervju: 8 personar vart intervjuet

Sluttmøte: vart halde 21.05.2015

Førebels rapport: vart sendt ut 12.06.2015

4. Kva tilsynet omfatta

Føremålet med tilsynet er å undersøkje om norske kommunar gjennom sine styringstiltak sikrar at meldingar til barnevernstenesta vart følgt opp i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnevernlova.

Tilsynet omfattar følgjande tema:

- at meldingar til barnevernstenesta vert forsvarleg vurdert
- at plikta til å gje tilbakemelding til meldaren vert ivareteken på ulike steg i sakshandsaminga

Barnevernstenesta har eit særskilt ansvar for at omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem vert avdekt så tidleg at barnet ikkje får varige problem. Barnevernstenesta skal behandle bekymringsmeldingar straks dei kjem inn, slik at ingen meldingar vert liggande ubehandla. Gjennomgangen av meldingar skal vere forsvarleg og dei barnevernsfaglege vurderingane skal vere i samsvar med vilkåra i lova, slik at meldingar ikkje vert henlagt på feil grunnlag. I løpet av tidsfristen på ei veke skal meldinga vere gjennomgått og vurdert, og barnevernet skal ha konkludert med mellombels vedtak i akutsituasjon, undersøking eller henlegging av saka.

Barnevernstenesta skal stadfeste at melding er motteken, jf. § 6-7a. Når meldinga kjem frå offentleg myndigheit skal barnevernstenesta også gi informasjon om korleis dei følgjer opp saka vidare, om det er opna undersøking eller om meldinga er henlagt. Vidare skal offentleg melder også ha informasjon om konklusjon på undersøkinga.

5. Funn

Avvik 1:

Kommunen sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar

Avvik frå: Barnevernlova § 4-2, jf. § 4-3, internkontrollforskrifta § 4 bokstav b, c, g, h

Observasjonar:

1. *Ved mappegjennomgangen fann vi 5 meldingar som ikkje var registrerte som meldingar.*
2. *Ved intervju har vi fått vite at søknader vert handsama som meldingar. Ved mappegjennomgangen såg vi 3 døme på søknader som var henlagt utan formelt vedtak om avvising/avslag og informasjon om klagerett.*
3. *I dei skriftlege rutineane går det fram at barnevernet skal sjekke eige arkiv for opplysningar om barnet/familien før konklusjon av meldinga. Ved intervju har vi fått vite at historikken vert sjekka før meldingsgjennomgang. Mappegjennomgangen viser at barnevernet ikkje systematisk dokumenterer om dei har kjennskap til barnet/familien frå tidlegare. Vi har sett døme på at barnevernet har opplysningar som ikkje er brukt. Der det går fram at*

barnevernet har kjennskap til barn/familie, går det ikkje fram kva opplysningar som er vurdert relevante for konklusjon av meldinga.

- 4. Ved intervju har vi fått vite at det ikkje er vanleg å kontakte foreldre for avklaring av melding, men mappegjennomgangen viser at det er gjort i 5 saker.*
- 5. Ved intervju har vi fått vite at barnevernet ikkje henleggjer meldingar med alvorleg innhald. Ved mappegjennomgangen har vi sett at barnevernet har henlagt slike meldingar utan at det er godt nok dokumentert kva opplysningar og vurderingar som ligg til grunn for henlegging.*
- 6. Ved mappegjennomgangen har vi sett døme på at barnevernet har henlagt meldingar på grunnlag av meldarens vurdering av barnets omsorgssituasjon, utan at barnevernets egne vurderingar er dokumenterte.*
- 7. Kommunen har skriftleg rutine som seier at dersom meldinga handlar om forhold som ikkje ligg under barnevernets ansvarsområde, skal meldinga henleggast, eventuelt visast vidare til rett instans. Ved mappegjennomgang har vi sett døme på at barnevernet ikkje har vurdert om det er grunnlag for tiltak etter barnevernlova i saker der det kan vere aktuelt med hjelp frå andre instansar. Ved intervju og mappegjennomgang har vi fått vite at barnevernet henleggjer meldingar (avviser søknader) med tilbakemelding til meldaren om kva som er rett instans.*
- 8. Ved intervju og dokumentgjennomgang har vi fått vite at det er gjort risikovurderingar som viser høg risiko for svikt i meldingshandteringa, mellom anna risiko for at meldingar ikkje vert registrerte og vurderte innanfor fristen og dårleg faktisk utøving av barnevernsfagleg skjøn ved gjennomgang av meldingane. Oppmodinga om å melde avvik gjeld generelt, ikkje for spesielle område. Leiinga har ikkje oversikt over svikt på dette området.*
- 9. Ved intervju har vi fått vite at leiinga følgjer med på at barnevernsfaglege vurderingar og avgjerder vert dokumenterte, men leiinga fangar ikkje opp manglar i vurderingsgrunnlaget eller vurderingane slik at feil vert retta opp og tilsvarande feil ikkje skjer igjen*

Avvik 2: Kommunen sikrar ikkje at offentleg meldar får tilbakemelding etter avslutta undersøking

Avvik frå: Barnevernlova § 6-7a tredje og fjerde ledd, internkontrollforskrifta bokstav g, h

Observasjonar:

- 1. Ved intervju og dokumentgjennomgang har vi fått vite at kommunen har hatt ei risikovurdering på området meldingshandtering, der risikoen for at offentleg meldar ikkje får tilbakemelding etter avslutta undersøking er vurdert som høg/middels. Ved intervju gjekk det fram at både leiar og sakshandsamarar har vore med på risikovurderinga og at rådmannen er informert om risikoen.*

2. Ved intervju gjekk det fram at det er klart for dei tilsette at det er sakshandsamar si oppgåve å gje meldaren tilbakemelding etter avslutta undersøking og kva tilbakemeldinga skal innehalde, men tenesta har ikkje kontroll med at tilbakemelding vert sendt.
3. Kommunen har system for avviksmelding, men det er ikkje registrert avvik som gjeld manglande tilbakemelding til offentleg meldar etter avslutta undersøking.
4. Ved mappegjennomgangen kom det fram at meldar får tilbakemelding om det er opna undersøking, men offentleg meldar får ikkje alltid tilbakemelding etter at undersøkinga er gjennomført, og tilbakemeldinga er ikkje alltid innanfor fristen på tre veker.

Kommentar til begge avvika:

Tenester etter barnevernlova skal vere forsvarlege. Både vurderingar, hypotesar og konklusjonar skal vere dokumenterte. Barnevernstenesta må skrive ned det som kan ha betyding for vidare utgreiing og eventuelle tiltak. Tenesta treng dokumentasjon for å sikre samanheng i arbeidet sitt, og dokumentasjonen gjer det lettare for partane å ivareta rettane sine i saka. Det er ikkje eit krav at tenesta skal dokumentere i journal, men kravet til god forvaltningsskikk inneber at det skal vere mogleg å sjå i saksdokumenta kva faglege vurderingar som ligg til grunn for barnevernstenesta sine avgjerder.

I nokre tilfelle mottek barnevernstenesta meldingar som inneheld opplysningar som krev rask avklaring og eventuelt akutt inngripen. Barnevernstenesta må difor ha eit system som til kvar tid sikrar at det ved mottak av alle bekymringsmeldingar vert gjort ei konkret vurdering av alvorssgraden i meldinga, ut frå innhald, barnets alder og tenesta sin eventuelle kjennskap til barnet/familien.

Barnevernstenesta skal gje skriftleg tilbakemelding til alle som har sendt bekymringsmelding, innan 3 veker etter motteke melding, jf. barnevernlova § 6-7a andre ledd. Dette for å styrke tilliten til barnevernstenesta, og fordi barnevernstenesta er avhengig av tillit og eit godt samarbeid med andre tenester for å kunne løyse sine oppgåver etter barnevernlova. Ved melding frå offentleg meldar eller personar med yrkesmessig teieplikt, skal barnevernet i tilbakemeldinga opplyse om det er opna undersøking eller om meldinga er henlagt, jf. § 6-7a tredje ledd. Desse meldarane skal også få tilbakemelding etter gjennomført undersøking om saka er avslutta eller vert følgt opp med tiltak. Barnevernstenesta må vurdere om den offentleg meldaren også skal ha informasjon om kva for tiltak som er iverksette.

Kommunens internkontroll skal sikre at arbeidet i barnevernstenesta er forsvarleg og i samsvar med lovkrava. Det er viktig at kommunen i si planlegging, utføring og evaluering av barnevernsverksemda er merksam på tilhøve som kan føre til svikt i tenestene og aktivt bruker kunnskap om uønskete hendingar i forbettringsarbeidet.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Forskrift om internkontroll for kommunens oppgåver etter barnevernlova pålegg kommunen å sikre og dokumentere at dei etterlever lovkrava, jf. barnevernlova § 2-1 andre ledd. Internkontrollforskrifta inneheld konkrete krav til styring og leiing. Krava til styring og kontroll inneber mellom anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, ha nødvendige rutinar og prosedyrar, og sikre at alle tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at dei tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Førde og Gaular barnevernsteneste har skriftlege rutinar for mottak og handsaming av meldingar, men rutinane sikrar ikkje at alle meldingar som kjem inn vert registrerte, gjennomgått og vurderte. Det kan føre til at søknader frå foreldre og meldingar som skal sendast vidare til ein annan instans eller kommune ikkje vert fanga opp og handsama på rett måte.

Kommunen har vore klar over at dei ikkje alltid gjev tilbakemelding til offentleg meldar etter avslutta undersøking. Dette vil kunne medføre at samarbeidspartar ikkje er kjende med barnevernstenestas konklusjon, om det er sett i verk tiltak, eller om saka er lagt bort. Det er spesielt viktig med slik tilbakemelding dersom saka vert lagt bort fordi foreldra ikkje ønskjer hjelp, eller dersom det skal setjast i verk tiltak som den offentlege meldaren treng å ha kjennskap til i si oppfølging av barnet og familien.

Kommunen har gjort risikovurderingar som mellom anna viser at det er høg risiko for svikt i meldingsavklaringa. Det er likevel vanskeleg å sjå kva kommunen har gjort av endringstiltak for redusere denne risikoen. Det er viktig å dokumentere kva vurderingar som ligg til grunn for ei avgjerd, slik at det i ettertid er mogleg å sjå kva faglege vurderingar som er gjort. Dette er spesielt viktig der meldinga vert henlagt, sidan terskelen for å opne ei undersøking skal vere låg.

Kommunen har vurdert at det kan vere stor fare for svikt i meldingshandteringa, og at konsekvensen ved svikt vil vere stor. Dei tiltaka kommunen har sett i verk for å redusere risikoen for svikt på dette området, er endring av dei skriftlege rutinane og gjennomgang av rutinane i møte. Leiinga har ikkje sett i verk kontrolltiltak for å førebyggje, avdekke og følgje opp svikt på området. Dette syner manglar i arbeidet med å korrigere og forbetre område der det er fare for svikt. Konsekvensane av denne svikten kan vere at barn ikkje får den hjelpa dei treng til rett tid, og at barn vert buande under dårlege omsorgstilhøve.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon (barnekonvensjonen)
- Lov om barnevernstenester (barnevernlova)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om internkontroll for oppgåvene til kommunen etter barnevernlova (internkontrollforskrifta)

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart send over da revisjonen vart førebudd:

- Organisasjonskart
- Oversikt over tilsette inndelt i team
- «Rutinehandbok Barneverntenesta i Førde og Gaular» med følgjande aktuelle rutinar:
 - «1.2.A. Organisering av barneverntenesta i Førde kommune»
 - «1.2.B. Intern organisasjonsplan for barneverntenesta i Førde kommune»
 - 1.- 5. Oversikt over ansvarsområda og mynde til dei ulike stillingsheimlane
 - «1.6. Lovverk og regelsamlingar»
 - «1.7. Internkontroll»
 - «Kap. 2. Rutinar for kontakt med barneverntenesta»
 - «Kap. 3. Rutinar for sakshandsaming i barneverntenesta»
 - «3.1. Flytskjema for sakshandsaming»
 - «3.1. Rutinar for mottak av meldingar i barnevernstenesta i Førde kommune»
 - «3.2. Rutinar for undersøking i barnevernssaker»
 - «3.3. Rutinar og ansvar ved akuttsaker»
 - «3.4 Rutinar ved (mistanke om) vald og seksuelle overgrep»
 - «3.11. Rutinar for internkontroll i sakshandsaminga jf. kap 1.7.»

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 59 meldingar der 35 har gått til undersøking og 24 var henlagde
- Risikovurdering av området
- Revidert rutinehandbok

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om systemrevisjon datert 04.03.2015
- E-post frå kommunen om oppnemnt kontaktperson
- Innsendt dokumentasjon datert 08.04.2015
- Program for tilsynet datert 29.04.2015
- Telefon og e-post korrespondanse i høve gjennomføringa av tilsynet

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	X	X	
Ove Mjåtveit	Tenesteleiar/Barnevernsleiar	X	X	X
Oline Grodås	Fagleiar	X	X	X
Mette Skansberg	Teamleiar	X	X	X
Nina Bjørvik	Sakshandsamar	X	X	X

Therese Kleive Veimo	Sakshandsamar (Vikar)	X	X	X
Linn Marie Sunde	Sakshandsamar	X		X
Sonja Smedegård	Student	X		X
Caroline Storehaug Øren	Student	X		X
Liv Haugen	Merkantil		X	
Lillian Heggstad	Merkantil		X	
Bjørn Ove Langlo	Psykolog	X		
Steffen Ben Jonstad	Controller	X		X

Frå tilsynsorganet deltok:

Line Pedersen Døsen (revisjonsleiar)

Turid Måseide (revisor)

Gunn Randi Bjørnevoll (revisor)

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 030/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/406
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om prosjektrekneskap og refusjon for Meierikvartalet

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om prosjektrekneskap og refusjon for Meierikvartalet til vitande.

.

Saksutgreiing:

Rådmannen har vore i kontakt med SEKOM-sekretariat i samband med at Førde kommune held på med avslutningsfasen i prosjektrekneskapen for Meierikvartalet.

Prosjektrekneskapen er enno ikkje avslutta og klar for handsaming i kontrollutvalet, men rådmannen ynskjer likevel å informere kontrollutvalet om prosjektet og prosessen med å få prosjektrekneskapen ferdigstilt.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 031/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/358
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for Førde kontrollutval 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Budsjett 2016
10800 Godtgjersle folkevalde	41 000
10801 Godtgjersle leiar	31 000
10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000
11500 Opplæring, kurs/seminar	30 000
11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000
11959 Kontingent FKT	5 000
Samla	120 000

.

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettårme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Førde kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Møtegodtgjersle/ tapt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Skyss- og diettgodtgjersle

Kontingentar

Inventar/utstyr

For kontrollutvalet i Førde gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste, kr 1500 ulegitimert pr. dag. Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekket etter dokumentasjon inntil kr 4.000.
- Fast møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar er 3 % av ordførar godtgjersla, og utgjør kr 30.337 i 2015
- Møtegodtgjersle for medlemmar/varamedlemar i kontrollutvalet er kr 700 pr. møte.

Konto	Tekst	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
10800	Godtgjersle folkevalde	41 000	42 000	44 000	36 300
10801	Godtgjersle leiar	31 000	30 000	29 000	29 307
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	10 000	10 000	9 251
11201	Utgifter, ikkje oppgavepliktig (løn)				3 309
11500	Opplæring, kurs/seminar	30 000	20 000	20 000	6 700
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000	3 000	2 000	545
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport				259
11959	Kontingent FKT	5 000	4 000	4 000	3 900
	Samla	120 000	109 000	109 000	89 571
13505	Kjøp av tenester frå SEKOM		313 000	293 000	259 636
	Samla teneste 11051 Kontrollutval		422 000	402 000	349 207

SEKOM-sekretariat har føreslege auke i budsjettposten opplæring/kurs for 2016 med kr 10.000 sett i forhold til 2015. Vi reknar med at opplæring av nye folkevalde i hovudsak vert gjennomført på fylkessamling i januar 2016. I tillegg er det naturleg at leiar og/eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen som vert arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn 7.- 8. juni 2016.

SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon vil gje informasjon og opplæring på første møte etter valet hausten 2015. Vi går elles ut frå at kontrollutvalet vil få utdelt nettbrett, og vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i Førde kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 032/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/356
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014 20.6.2014 8.9.2014 28.4.2015 19.6.2015	Sak 29/14 vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regelverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015. Tinginga sendt til Kryss revisjon. Sak 035/14 vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering. Motteke rapport frå KRYSS Revisjon Sak 022/15 Vedtak: 1. Bystyret tek forvaltningsrevisjonsrapport frå KRYSS Revisjon - Korrekt handsaming av di sak, datert

Sak	Dato	Status
		24.4.2015 til orientering. 2. Bystyret ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med kvalitetssikring av byggesakstenestene i Førde kommune, der det m.a. vert gitt informasjon om rett til klage- og innsyn i samsvar med forvaltnings- og offentleglova. 3. Rådmannen informerer kontrollutvalet innan 1.1.2016 om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.
	22.6.2015	Sendt sak m/rapport til Førde kommune/bystyret .
005/15 Møteplan 2015 Førde kontrollutval	6.2.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 6. februar, 6. mars, 10. april, 27. mai, 19. juni, 24. august, 23. oktober og 11. desember.
	6.2.2015	Bestilt møterom for resterande møter i 2015.
016/15 Rådmannen informerer om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune	10.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune til vitande. Få info om oppfølging av eigenkontrollen i løpet av 2015.
023/15 Tinging av overordna analyse	18.6.2015	Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundersøking til kommunestyret og kontrollutvalet, i høve overordna analyse, referert i Bystyret BY-037/15.
	19.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Førde kommune frå KRYSS Revisjon.
	22.6.2015	Tinginga sendt til KRYSS Revisjon
024/15 Tinging av eigarskapskontroll	19.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon. Har Førde kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi i eigarskapsmelding?
	22.6.2015	Tinginga sendt til KRYSS Revisjon
025/15 Reglement for høyringar i Førde kontrollutval	19.6.2015	Vedtak: Framlegg til reglement for høyringar i Førde kontrollutval datert 10.6.2015, vert vedteke med følgjande endring av §3 punkt 1, 2. setning og 4: Andre tilsette i kommunen kan inviterast direkte for å møte i høyring. Spørsmålet stillast direkte til den tilsette, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
	23.6.2015	Sendt til Førde kommune/bystyret for endeleg handsaming.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 15.09.2015	Saksnr 033/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/408
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).